



Ottar Myrtveit, Landbrukskontoret.

De llaug f

Viser til telefonsamtale i dag og 25/4.

Gjeld organiseringa av hjortejakta i Indre Haugsdal, gardsnr 56, 53 og 54.

Underskrivne eigarar av gardsnr 56, bruksnr 1 i Masfjorden, gav 17. august 2021 Ingvar Vik fullmakt til å representera vårt bruk i jaktlaget for felles vald i midtre del av Indre Haugsdal. Fullmakta vart ikkje godteken av valdansvarleg, noko som førte til at bruk 1 berre fekk 1 dyr av Kjetland sin kvote i 2021. Dette er ikkje ein situasjon som me kan godta for framtida. Etter som det er høve til å skilja ut område av valdet som eige jaktfelt, søker me med dette om at bruk 1 på gardsnr 56 Kjetland blir skilt ut som eige jaktfelt før jaktseasonen 2022. Me oppnemner Ingvar Vik som leiar for bruk 1 sitt jaktfelt, med ansvar for jakta av vår kvote innanfor fastsette grenser og rapportering til, og naudsynt kontakt med, valdansvarleg.

Ingvar Vik vil etter vårt syn (i følge vår fullmakt) vera ein stor ressurs for eit kvart jaktlag. Grenser for jaktfeltet vil vera dei utskifte områda under skoggrensa som tilhøyrer bruk 1, og den delen av felles fjellområde aust for Dalelva som tradisjonelt/historisk har vore disponert av bruk 1 som beiteområde og grunnlag for seterdrift. Me vil avmerka desse område på kart som du lovar tilsendt. Når det gjeld Kjetland sin totale kvote av dyr i fellesvaldet, ber ein landbrukskontoret fastslå dette på grunnlag av utrekna areal. Bruk 1 sin del av Kjetland sin kvote bør så etter vårt syn fordelast etter skyld.

Med helsing Marita og Albert Kjetland;

Marita Kjetland

Albert Kjetland

Kjetland, 26. april 2022.

Vedlegg: Fullmakt til Ingvar Vik, d atert 17. august 2021.

Wagni til

Ingvar Vik

De llaug

Anders Kjetland

Arne Kjetland

Sigbjørn Kjetland

Wits M. Kjetland

Fullmakt.

Som eigarar av gnr 56, bruksnr 1 har me i alle år, etter at hjorten vart ein ressurs på vårt bruk, hatt ein sjølvsagt rett til å ta del i den årlege hjortejakta. I seinare år har ^{galskan med dei aeldre leveka på} ^{Kjetland} diverre alder og sjukdom hindra oss frå å få vera med på denne opplevinga.

Me finn det no rett at vårt bruk vert representert i det utvida jaktlaget der også gardsnr 53,(brnr 1 og 2), og gardsnr 54,(br nr 1 og 2), er med.

For 2021 og det neste to åra (2022 og 2023) gjev me difor Ingvar Vik fullmakt til å representera vårt bruk i jaktlaget for Kjetland, Tverberg og Bjørneklett. Det inneber at Ingvar blir fullverdig medlem av jaktlaget og skal ivareta våre rettar og interesser for alt som gjeld organisering og gjennomføring av jakta og fordeling av utbyttet mellom bruka. Han skal difor i god tid ha full informasjon om organisering av jakta, og tid og stad for frammøte. Telefon 99242189.

Me kjenner Ingvar Vik som ein røynd jeger og ein god skyttar som vil vera ein stor ressurs for eitkvart jaktlag og fylla sine oppgåver på ein framifrå måte.

Kjetland 17.august 2021.

Marita Kjetland Albert Kjetland

Marita Kjetland Albert Kjetland